

ST.JETMUND-KYRKJA.

St.J-kyrkja er den eldste og mest særmerkte av kyrkjene i Vanylven.

Kor gammel kyrkja er, kan ingen seie med visse, men etter byggemåten å dømme, kan ho vere bygd kring 1150.

Kyrkja har namn etter den engelske kongen Edmund, som vart drepen av vikingar på 900-talet, og seinare kåra til helgen i den anglo-saksiske kyrkja. Ei gammal segn fortel at ein gong kong Edmund gjekk over Maurstadeidet og såg ned til den vakre Åheim-bygda, fekk han tanken om å bygge ei kyrkje der. Ei anna forklaring er den geografiske nærleiken til Selje kloster. Kanskje fann ein inspirasjon derifrå til å få reist ei kyrkje etter ein helgen med nordisk tilknytning.

Det er også dei som hevdar at der har stått ei kyrkje på denne staden før St.Jetmundskyrkja vart bygd kring 1150.

Kyrkjene i gamle dagar var privat eigedom, og dei fleste var svært små.

I 1851 kom ei ny lov om kyrkjer. Lova fastslo at kyrkjene skulle vere så store at dei kunne romme ein viss del av befolkninga. Hvis ikkje, måtte kyrkja påbyggast, eller ein måtte bygge nytt. Eit viktig mål med nyelova var å få kyrkjer som var på private hender, over i offentleg eige.

Dermed fylgde ei kyrkjebyggingsperiode som landet vårt ikkje har sett maken til, verken før eller sidan. Og dessverre vart mange særmerkte byggverk frå mellomalderen rivne eller brende, og erstatta med nye. Ein hadde ikkje den gongen same sansen for å ta vare på historiske og antikvariske verdiar, som vi har i dag.

I Vanylven var det semje om å bygge ny kyrkje, men det var også stort sett det folket vart samde om. Det vart nemleg ein lang og opprivande strid om kvar den nye kyrkja skulle plasserast. Og det gjekk heller ikkje fredeleg for seg då St.Jetmundskyrkja vart riven i 1863, då den nye kyrkja på Sлагnes var reist.

Berre restar av grunnmuren stod att og vitna om at på denne staden hadde det ein gong stått ei kyrkje. Dei små horisontale hellene i muren markerer kor høgt opp dei gamle ruinane rakk.

På 1930-talet starta gjenreisninga av kyrkja. Arbeidet tok si tid, og endeleg i 1957 vart den atterreiste St.Jetmundskyrkja vigsla.

Kyrkja er bygt i romersk stil, der vestfronten, rammer og dei runde bogane rundt dører og vindauge, og den vakre korportalen, er av marmor. Resten er mura opp av gråstein.

På kvar side av korportalen er nisjer i gråsteinsmuren. Der har skulpturar av St.Jetmund og endå ein helgen hatt sin plass. Kordøra markerer eit tydeleg skilje i kyrkjeromet, på typisk katolsk vis. I kyrkjeskipet heldt folket til, framme i koret dreiv prestane på med sitt, på latin, sjølv sagt. (Messing av eit liturgi-ledd på latin.) Så - mykje av det som gjekk føre seg der framme, gjekk nok dei fleste hus forbi. Kanskje for presten også!

I vår tid legg vi vekt på at ting skal kommunisere. Det er viktig at folk ser og høyrer godt i kyrkja. Når vi har gudstenester og kyrkjelege handlingar i St.Jetmund, foregår difor handlingane ikkje bortgøymt bak kordøra, men i og framfor. Brudepar t.d. sit nede i midtgangen.

Mykje verdfullt inventar vart spreidd rundt ikring då kyrkja vart riven. Noko flytta ein over i den nye kyrkja på Slnagnes. M.a. fekk ein forgylt treskulptur plass i den nye altartavla på Slnagnes. Dette praktfulle kunstverket frå mellomalderen vart restaurert og er no tilbake på plass i St.Jetmund.



Den gamle preikestolen fann ein att i syrgjeleg forfatning på mørkeloftet i kyrkja på Slnagnes. Den er også restaurert og er tilbake på plass i St.Jetmund. Årstalet 1630 er rissa inn, så preikestolen er truleg frå den tid.



På kulturhistorisk museum i Bergen finst det ein treskulptur av St.Jetmund og eit altarskap som har stått i St.Jetmund-kyrkja.
Men kvar har det blitt av det øvrige verdfulle inventaret frå den gamle kyrkja?
Vi skulle gjerne hatt det tilbake på sin opphavslege plass.

Eit ektepar gav i 2010 ei pengegåve til innkjøp av orgel i St.Jetmund.
Fellesrådet har no bestilt eit orgel frå orgelbyggjar Wegscheider i Tyskland.
Orgelet er forventa ferdig i 2021. I ventetida jobbar ein med finansieringa.
Ein del pengar er kome inn via gåver, offer, sal av fiskesuppe og lefser m.m.
Men mykje står att, så alle typar bidrag er velkomne! På biletet har orgelbyggaren skissert korleis han ser for seg at orgelet skal sjå ut når det er på plass.



I 2019 vart det sett opp nytt klokketårn, så no er det igjen muleg å høyre klangen frå kyrjeklokka ved St.Jetmund. Sokneråd og Fellesråd går inn for at St.Jetmund-kyrkja skal verte oftare brukt til gudstenester. Så då er det opp til folket å føre den gamle arven vidare i nye tider i den gamle, ærverdige kyrkja på Åheim.

